


Juleferie frå i morgon



I dag er det siste skuledagen før juleferien og så kan elevar og lærarar slappa av og nyta julefreden fram til 3. januar - då startar ei ny økt i skuleåret.

Som det gjekk fram av vår reportasje i går var det ein fin (men kald) avslutning i låven på Dønhaug måndag kveld og her er tre nye glimt frå arrangementet.

Det var i høg grad prega av nissar og over er det ein nisse som er svært lei seg. Det er femteklassingen Hans Magnus Sæle Kårstad.

Bak står klassekamerat Torstein Tungesvik Myklebust og les.



På biletet i midten ser vi halve tredjeklassen, som framfører 'Den første julenatta' og på det tredje biletet sit eit knippe sjetteklassingar som både et graut og viser gamal husflid.

Foran sit Malin Bakke Eik og frå venstre bak Frida Nybakk, Martin Yri Røssland, Joakim Dagestad og Endre Skjelnes.

(Foto: Ola Matti Mathisen)



